

## NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 68.

Fylke: Vest-Agder

Tilleggsspørsmål nr.

Herad: Gyland

Emne :

Bygdelag:

Oppskr. av: Lars Fr. Nuland

Gard:

(adresse): Nuland, p.å

G.nr.

Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. Eiga røynsle

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke) :

## SVAR

Svara kan samanfattast under eit. Det var ungdomen som vaka Jonsok og hadde bål, noka anna tid til å brenna bål, kjenner eg ikkje til, heller ikkje nokn sers skikkar. Dei laga gjerne til med kvist og brukande brenne nokre dagar i fyrevegen. Var det turt laut dei helst halda til ved vatn eller bekk, for brannfåren skuld ellers kunne det vera på høge nutar, så andre kunne sjå elden, og dei sjå andre sin eld. Kvifor dei gjorde dette kjenner eg ingen anna grunn, enn att det var ein gamal skikk, som ungdomen nytta seg av for å få noke moro, koma saman gutar og jenter og hygga seg. Moroa, eller underholdninga var forskjellig etter som innstillinga var. Dei hadde mat med, koka kaffi og leika saman og sjaua med jentene under og etter samværet.

14634